

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Helen Nathalie Liebig-Andersen
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Deres referanse
201207841-14

Deres dato
19.06.2017

Vår referanse
236016-v1

Dato
07.12.2017

Høyringsuttale om søknad om løyve til å byggja Valdra kraftverk i Etne kommune i Hordaland

Haugaland Kraft Nett AS har ansvar for regional kraftsystemutgreiling i Sunnhordland og Nord-Rogaland, og eig både distribusjonsnett og regionalnett i det aktuelle området.

22 kV distribusjonsnett mellom Skånevik og Kambe er sterkt nok til å overføra 3,55 MW produksjon frå Valdra kraftverk.

I Kambe blir det transformert opp til 66 kV og overført på 66 kV linjer til Litledalen og vidare til Blåfalli Vik. I Blåfalli Vik blir produksjonen transformert opp til 300 kV sentralnett.

Transformatoren mellom 66 kV og 300 kV i Blåfalli Vik er fullasta, i alle fall i periodar med mykje produksjon og lite forbruk. Denne transformatoren har ikkje kapasitet til å transformera 3,55 MW ekstra frå Valdra kraftverk. Dette går på balansen mellom produksjon og forbruk. Sjølv om dei 3,55 MW som blir produsert i Valdra kraftverk blir brukt opp før det kjem fram til Blåfalli Vik, blir kraftbalansen endra.

Dersom ein skal kunna tilknytta Valdra kraftverk på 3,55 MW, må det vera mogleg å kopla om i Litledalen kraftstasjon slik at ein del av den produksjonen som nå er tilknytta nettet mot Blåfalli Vik blir kopla om til 66 kV nettet mot Spanne.

66 kV nettet mellom Litledalen og Spanne er også temmeleg fullasta, spesielt på strekningen mellom Ølen og Våg. Derfor har Haugaland Kraft Nett sendt melding om ny 66 (132) kV linje Ølen – Våg – Bratthammar. I utgangspunktet hadde vi tenkt å senda konsesjonssøknad på denne linja i løpet av denne månaden, men vi ventar ennå på utgreiingsprogrammet, og vi treng ei viss tid på utgreiingane før vi sender konsesjonssøknaden. Ifølge ein stram framdriftsplan i meldinga skulle linja blitt ferdig 1. halvår 2021, men det ser nå ut som om vi er minst eit kvartal forseinka i høve til framdriftsplanen.

I byggeperioden, truleg i 2020 og 2021, må vi riva den gamle linja som står i den traséen vi skal bruka før vi bygger ny linje. I den perioden vil kapasiteten i dette nettet vera litt mindre enn i utgangspunktet. Derfor kan ikkje Valdra kraftverk tilknyttast nettet før ny 66 (132) kV linje Ølen – Våg er ferdig. Haugaland Kraft vil prioritera høgt å få denne linja ferdig snarast

råd med tanke på tilknytning av både Løkjelsvatn kraftverk, Valdra kraftverk og eventuelt andre nye kraftverk i dette området, i tillegg til at tilstanden på den linja som nå står i den aktuelle traséen er svært dårlig. Vi må likevel venta på utgreiingsprogram før vi kan skriva konsesjonssøknaden, og vi må venta på konsesjonshandsaming og eventuell ankehandsaming før vi kan byrja å bygga linja.

Valdra kraftverk kan ikke tilknyttast nettet før den nye 66 (132) kV linja Ølen – Våg er ferdig, noko vi antar vil skje i 2021.

Med vennlig hilsen
Haugaland Kraft Nett AS



Truls Drange

Seksjonssjef nettutvikling



Odd Håland Øksnevad

Sivilingeniør
Odd.Haland.Oksnevad@hkraft.no